



Røysterett for alle syng i Helgheim i slutten av oktober i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag kveld klokka 19.30 (ikkje 19 som tidlegare annonsert) kjem Røysterett for alle med den årlege oppmodinga om å syngja med dei på Helgheim. Leiar Svein Rimestad lovar ein blanding av gamalt og nytt og håpar at mange kjem. Dette blir ein skikkeleg opptakt til det storfine korbesøket frå Riga i Latvia neste helg.**

Som mange gonger før i serien 'Syng med oss' kjem det også gjester til det Uskedalen-baserte koret. Denne gongen er det Halsnøy Strupeband og dei vil veksla med vertane slik at det er grunn til å venta ein variert og spanande konsert.

Sist 'Syng med oss' vart avvikla i Helgheim var i slutten av oktober i fjor. Tradisjonen har sitt utspring i den populære radioserien som i si tid vart laga av bergensaren Bjørn Tore Andre.

På programmet for konserten torsdag er det ført opp ni songar, men som alltid er det grunn til å ta atterhald om moglege endringar.

Ein spanande Noregspremiere med lokalt tilsnitt ligg i korta eller rettare millom notane og vi siktar her til 'Storsund ligg still' av Uskedalens eigen Olaf Agnar Gausvik.

Dette er ein vakker hyllest til Storsund og Arne Ljosnes til tonen til 'Mull of Kintyre' av Paul McCartney. Det er i alle høve på høg tid at den blir sunge av koret!

Ein nyheit nummer to kan bli 'Barnet', ein færøyisk voggесong til norsk tekst og ein tredje den ungdomslagskjende 'Lev vel so vil eg seia'. 'Den dag kjem aldrig' av A.O.Vinje blir truleg også framført og så kjem det naturleg nok fleire songar som koret har sunge mange gongar før men som vi gjerne høyrer ein gong til.

I ei pause blir det utlodning til eit godt føremål - koret sjølv!

Av Ola Matti Mathisen